

Informasjon til kommune om digitalt skjema for samhandlingsavvik


Helse Møre og Romsdal har utvikla ei digital løysing gjennom Altinn som sikrar digital sending av sensitive opplysningar. Denne løysinga skal nyttast av kommunane ved innmelding av samhandlingsavvik og forbetningsforslag. Her kjem informasjon for å ta løysinga i bruk.

Tilgang for å sende skjema

Den som skal sende inn må ha tilgang til aktuelt skjema. Tilgangen tildelast av Altinn-hovudadministrator (AH) i kommunen. [Framgangsmåte](#)

Kommunane har ulik organisering og rutinar knytt til saker som gjeld samhandling med helseføretaket, så ei standard oppsett for kven eller korleis ein løyser denne arbeidsprosessen i eigen kommune, blir vanskelig å sette opp. Men helseføretaket har i samarbeid med ei referansegruppe bestående av fire kommunale representantar, laga eit forslag til flytskjema som kommunane kan nytte om de vil. Eit minstekrav til å melde inn samhandlingsavvik frå kommunane via skjema i Altinn, er at det er ein leiar som sender inn avviket. Dette kravet gjeld også avvik som meldast frå helseføretaket til kommunane.

Forslag til flytskjema



Leiar/saksbehandlar som melder inn samhandlingsavvik

Bruk denne lenka og logg inn i Altinn og vel rolla di i eiga kommune.

<https://hmrhf.apps.altinn.no/hmrhf/newsamhandlingsavvik/>

Kontaktpersonar i helseføretaket:

For informasjon og rettleiing i bruk av skjema, kan ein kontakte rådgjevar i samhandlingsavdelinga Karethe Kristoffersen Aam: Karethe.Kristoffersen@helse-mr.no eller tlf.: 95214021